

# Fillestølen Hyttegrend



Planomtale og føresegner  
Reguleringsendring Fillestølen Hyttegrend  
Filefjell, Lærdal



6888 Borgund

Juni 2016

## Prosjektfakta

Oppdrag: Utarbeiding av reguleringsplan for fortetting av Fillestølen Hyttegrend

Emne: Reguleringsendring Fillestølen

Rapport: Planomtale og føresegner reguleringsendring Fillestølen Hyttegrend

Oppdragsgjevar: Knut Maristuen

Dato: Juni 2016

Oppdrag nr: 98-2013

Utarbeida av: Trond Øyen Einemo

Kontrollert av: Kjell Olav Cock

Godkjent av:

		Dato	Sak
Varsel om oppstart	Vedtak i Kommunestyret i Lærdal	16.12.2013	
Handsaming 1. gong			
Offentleg ettersyn			
Handsaming 2. gong			

---

## Innhold

<b>1</b>	<b>GENERELT</b>	<b>5</b>
1.1	Innleiing	5
1.2	Bakgrunn	5
1.3	Formål	5
1.4	Avgrensing av planområdet	5
1.5	Området – eksisterande situasjon	6
1.6	Gjeldande planar	6
1.7	Gjeldande lover og forskrifter m/veiledninger m.m.	7
<b>2</b>	<b>MEDVERKNAD OG FRAMDRIFT</b>	<b>7</b>
2.1	Varsel om oppstart	7
2.2	Merknadsvurdering	7
2.2.1	Vurdering av merknadene	7
2.3	Møte med eksisterande hytteeigarar	8
2.4	Framdrift	8
<b>3</b>	<b>PLANFRAMLEGGETS INNHALD</b>	<b>8</b>
3.1	Plankart	8
3.2	Føremål	9
3.2.1	Eksisterande Fritidsbebyggelse (FE)	9
3.2.2	Ny Fritidsbebyggelse (F)	9
3.2.3	Vegareal	9
3.2.4	Parkering	9
3.2.5	Teknisk infrastruktur	9
3.2.6	Friområde	9
3.2.7	Skiløyper	10
3.2.8	Omsynsoner	10
3.2.8	Føresegner	10

---

<b>4</b>	<b>VERKNADER AV PLANEN</b>	<b>10</b>
4.1	Gjeldande planar	10
4.2	Arealbruk og landskap	10
4.3	Naboar og nærmiljø, barn og unge	11
4.4	Trafikkforhold og støy	11
4.5	Naturressursar	11
4.6	Naturmangfald, naturmiljø og friluftsliv	11
4.7	Kulturminne og kulturmiljø	12
4.8	Risiko og sårbarheit	13
<b>5</b>	<b>FØRESEGNAR</b>	<b>14</b>
<b>6</b>	<b>VEDLEGG</b>	<b>18</b>

# 1 GENERELT

## 1.1 Innleiing

Knut Maristuen ønskjer å fortette deler av Fillestølen Hyttegrend. Gjeldane reguleringsplan er ein eldre disposisjonsplan frå 1973. Med heimel i plan- og bygningslova §§ 12-3 og 12-8 starta Meto Pro as på vegne av Knut Maristuen opp reguleringsendring av heile disposisjonsplanen Fillestølen, gnr. 72 bnr 15, vedtak om oppstart gjort i kommunestyret 16.12.2013.

## 1.2 Bakgrunn


Meto Pro vart engasjert av Knut Maristuen på gnr. 72 og bnr. 15, å utarbeide reguleringsplan og legge til rette for ei fortetting i området i samsvar med dagens krav, tiltakshavars intensjonar, samt gjeldande kommunedelplan.

## 1.3 Formål


Formålet med reguleringsplanen er å detaljregulere området, og legge til rette for fleire tomter i eit allereie regulert område. Tiltakshavar ønskjer å kunne tilby nye tomter for sal, da marknaden etterspør fritidseigedommar i området.

## 1.4 Avgrensing av planområdet


Planområdet omfattar følgjande eigedomar: Gnr 72 Bnr 15, Fillestølen Hyttegrend.



Området ligger på Filfjelli, mellom Øvre Smedalsvatn og grensa mot Vang kommune, langs E-16 i Lærdal kommune, ca. 50 km aust for Lærdalsøyri, og er på ca. 1 150 000 m<sup>2</sup>. I varsel om oppstart var området noko større(1239 daa), men under prosessen har me avgrensa området noko, samt delt området i to på grunn av nyleg reguleringsplan frå Statens Vegvesen. Avgrensinga av området er i samsvar med føremål i gjeldande Kommunedelplanen for Filefjell.



Varsla område.



Aktuelt område

### 1.5 Området – eksisterande situasjon

Området er tidlegare regulert gjennom ein disposisjonsplan frå 1973. Det er etablert hytter på nesten alle tomter som er lagt ut i det gamle feltet.




Gjeldane plan frå 1973(Sognekart)

Området er i sin heilheit regulert til fritidseigdommar, veg, parkering og friområde.

### 1.6 Gjeldande planar

Området er i Kommunedelplanen for Filefjell sett av til fritidsbustader, og det er i kommunedelpanen opna for ei fortetting av området.

- Kommunedelplanen for Filefjell vart vedteken i Lærdal Kommunestyre 12.05.2005
- Reguleringsplan for E-16 Varpe bru - Smedalsosen



Utsnitt av kommunedelplan for området (LK)

### 1.7 Gjeldande lover og forskrifter m/veiledninger m.m.

- Plan og bygningslova
- RPR for barn og unge
- Retningslinjer for støy i arealplanlegging
- Naturmangfaldlova m.fl.

## 2 Medverknad og framdrift

### 2.1 Varsel om oppstart

Varsel om oppstart er kunngjort i Sogn Avis, samt på nettsidene til Lærdal kommune og Meto Pro as den 16.12.2013. Brev til aktuelle partar og grunneigarar blei send ut 16.01.2013. Frist for merknader vart sett til 30.01.2014

### 2.2 Merknadsvurdering

Det er motteke følgjande merknader til oppstarten av arbeidet:

Statens vegvesen: Vi føreset at desse vert brukt som tilkomst til hyttefeltet i tråd med detaljplanen. Felles føresegner punkt 3.2 for planen seier: *Der byggegrenser ikkje er vist, gjeld reglane i veglova*. D.v.s 50 meter byggegrense. Byggegrense mot E16 skal visast i plankartet.

#### 2.2.1 Vurdering av merknadene

Merknad frå Statens Vegesen er teke til følgje.

### 2.3 Møte med eksisterande hytteeigarar

Det vart i påsken 2015 avhelde årsmøte blant eksisterande hytteeigarar i området, og underteikna og utbyggjar gav her ein informasjon om arbeidet, med moglegheiter for innspel på planarbeidet så langt. Det vart i møtet lagt fram ei enkel planskisse over kva område, samt kva omfang utbyggjar såg føre seg inkludert i planen. Planen vart justert i forbindelse med munnlege innspel som kom fram i møtet.

### 2.4 Framdrift

Reguleringsplanen blir lagt ut på høyring med frist for merknader på 6 veker.

Innkome merknader etter høyringsperioden blir vurdert og der det er aktuelt, innarbeida i planen. Vesentlege endringar som følgje av dette vil bli lagt fram for dei partar endringa vedkjem.

Innkome merknader og plandokument blir så sendt kommunen for sluttbehandling.


## 3 Planframleggets innhald

Reguleringsplanen er utarbeida etter gjeldande retningslinjer, med tilhøyrande føresegner. Føresegnene er utarbeida i tråd med gjeldande regelverk, og overståande planar.

I planframlegget er det etterstreba å finne ei form som ivaretek kommunedelplanen, den eksisterande reguleringsplanen og føresegnene, omsyn til omgjevnadane, samtidig som den er tilpassa dagens lover og regelverk.

### 3.1 Plankart

Det er utarbeida detaljert plankart over området.





## 3.2 Føremål

### 3.2.1 Eksisterande Fritidsbebyggelse (FE)

Området gjeld deler av området (ca. 357 daa) som tidlegare er regulert fritidsbebyggelse og LNF-område. Området er utvida samanlikna med eksisterande disposisjonsplan, der hytter er bygde utanfor den gjeldande planen. I den eksisterande planen frå 1973 var det lagt opp til 70 hytter. Ved oppteljing er det no bygd 72 hytter i området, og det er 2 ubebygde hyttetomter. Totalt 74 hytter.

Utnyttingsgraden på dei eksisterande tomtene er sett i samsvar med kommunedelplan.

Det er ikkje lagt opp til deling av eksisterande hyttetomter.

### 3.2.2 Ny Fritidsbebyggelse (F)

Områda gjeld deler av området (ca. 55 daa) som tidlegare er regulert til både fritidsbebyggelse og LNF-område.

Det er i denne planen lagt opp til ei utviding/fortetting på 45 ordinære hyttetomter, samt ei tomt som er tenkt til tettare utbygging, med lett adkomst for peronar med særkilte behov.

Totalt etter fortettinga vil området få 120 tomter, som er ein auke på 46 tomter frå dagens situasjon. Reguleringa legg og opp til utviding av parkeringsområder nær E-16, samt moglegheit for vinterveg til nye felt.

Utnyttingsgraden på dei nye tomtene er sett i samsvar med kommunedelplan, bortsett frå Tomt F 04.00 som vil ha ei større grad av utnytting. På denne tomte vil det laga og søkt bli ein eigen bebyggelseplan.

Grøfteareal til vegar og infrastruktur kan anleggjast i areal som er unnateke bebyggelse på tomtene (mellom tomtgrense og byggegrense), samt i friareal i samsvar med føresegner.

### 3.2.3 Vegareal

Området gjeld del av området (ca. 20 daa) og gjeld både eksisterande køyreveg og ny køyreveg for adkomst til hyttene.

Utbyggar legg opp til at vegen til dei nye felta F1 – F7 kan om hytteeigarane ynskjer det vinterbrøytast.

### 3.2.4 Parkering

Området gjeld del av området (ca. 2,7 daa) og gjeld privat fellesparkering for området. Reguleringa legg og opp til ei utviding av parkeringsområde P 1 i vest, utviding av parkeringsområde P2 Nord for E-16, samt ein nytt fellesparkeringsområde P3.

### 3.2.5 Teknisk infrastruktur

Det er ikkje sett av eige område for teknisk infrastruktur i planen. VA er tenkt løyst gjennom tette tankar med eigen brønn og bioløysing, eller fellers VA-anlegg for fleire hytter. Dette vil bli avklart gjennom detaljplanlegginga.

Elektrisk nett og anna teknisk infrastruktur vil bli avklart med nettleverandør i detaljplanlegginga.

### 3.2.6 Friområde

Friområde utgjere etter fortettinga over havparten av området (ca. 606 daa) Det er etterstreva å bruke eksisterande vegtrasear og spreie felta utover ubebygd område for å behalde friområde inne i, og rundt eksisterande felt.

### 3.2.7 Skiløyper

Det vart i 2009 regulert inn skiløyper gjennom området. Deler av denne traseen er flytta sørover for ikkje å krysse veg meir enn ein gong.

### 3.2.8 Omsynsoner

Det er lagt inn omsynsoner for ei høspentlinje som går gjennom området.

Det er valgt ikkje å lage eigne spesialområde kulturminnevern eller lokalt viktig naturtype da ingen av funna blir berørt av fortettinga.

#### **Frå KU – Aurland Naturverstad**

*Føreslege verna i utkast til verneplan for våtmark (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 1985). Området bør sikrast mot inngrep, og slik planane ser ut vert ikkje området råka av ny utbygging.*

#### **Fylkeskommunen sin tilråding**

*Vi meiner at dei automatisk freda kulturminna bør reguleras til spesialområde kulturminnevern, med eigne føresegner. Kvar kolgrop må gjevast ein eigen signatur i plankartet jf. figur 4 i vedlagd registreringsrapport (s. 17).*

### 3.2.8 Føresegner

Det er utarbeida eigne føresegner til planen og desse følgjer som vedlegg 2. Føresegnene samsvarar med føresegene i overliggjande planverk; Kommunedelplan for Filefjell.

## 4 Verknader av planen

### 4.1 Gjeldande planar

Reguleringa er i tråd med gjeldande kommunedelplan. Nyleg vedteken reguleringsplan for E-16 gjennom området er ikkje endra utover noko meir parkering.

Reguleringa vil føre til føremålsendringar og endringar i føresegner for gjeldane disposisjonsplan for Fillestølen Hyttegrend.

### 4.2 Arealbruk og landskap

Det meste av arealet i Lærdal kommune er landbruks-, natur- og friluftsområde. Dette ut i frå topografiske tilhøve og landbruk som ei viktig næring. Landbruket med jord og skog har mange kvalitetar knytte til seg, alt frå forming av kulturlandskap til å inneha viktige friluftsområde. Jordvern og matvaresikkerheit er og sentrale begrep i denne samanhengen. Ein miljøvenleg og kvalitetsmessig utvikling heng godt saman med landbruket, der jordvern, utbygging, grønstruktur, skogbruk og friluftsområde har både samanfallande og motstridande interesse.

Området som denne reguleringa er ikkje ei strid med ovannemnte interesser.

Det er teke omsyn til forsvarleg tilkomst til fritidsbustadane, samt sikra uteareal for opphald og leik. Det er ikkje kjente landskapskvalitetar eller arealbruk som stir mot reguleringsendringa.

I område F 01 er det fleire som driv husdyrhald som har beiterett. Desse er har følgjande gards- og bruksnummer: 72/8, 72/2, 72/4, 72/3, 72/5, 72/7, 72/9, 72/30, 72/31

#### 4.3 *Naboar og nærmiljø, barn og unge*

Det vil som følge av reguleringa bli oppretthalde det meste av friområda. Tur og løypenett vil bestå og blir lite berørt av omreguleringa. Dette vil oppretthalde omsynet til friluftsliv, nærmiljøet, folkehelse, barn og unge.

Det vil så langt det let seg gjere leggst til rette for universell utforming på tilgjengelige uteområde i planområdet.

#### 4.4 *Trafikkforhold og støy*

Reguleringa vil ikkje føre til store endringar i forhold til trafikk og støy. Reguleringa legger opp til ei fortetting med 46 tomter på det aktuelle området. Med sporadisk besøk som det er på slike hytter vil ikkje støy frå trafikk ha nokon nemneverdig negativ konsekvens. Hyttene er fordelt på 3 avkjørsler med god oversikt og trygge avkøyningar.

#### 4.5 *Naturressursar*

Området er allereie regulert til føremålet, så reguleringsendringa vil ikkje føre til opning for, eller anna bandlegging av naturressursar.

Utover torvmyr, moreneavsetningar som elles i området, er det er ikkje lokalisert nokon kjende naturressursar i området.

#### 4.6 *Naturmangfald, naturmiljø og friluftsliv*

Det er gjennomført eiga KU for desse utvalgte områda:

- Kulturminner og kulturmiljø
- Naturmangfald
- Friluftsliv
- Landskap

Utdrag frå konklusjon:

Vurdering: Området er i Kommunedelplanen for Filefjell sett av til fritidsbustader, og det er i kommunedelplanen opna for ei fortetting av området. Kommunedelplanen for Filefjell vart vedteken i Lærdal Kommunestyre 12.05.2005. Det finns allereie eit eksisterande hyttefelt i området, samt spreidd fritidsbustader. Planområdet er kjent som friluftsliv- og rekreasjonsområde. Området er vurdert som alminneleg.

• Fagleg tilråding: Det er registrert kulturminne, men berre innanfor eksisterande hyttefelt. Desse vil ikkje bli rørt under fortettinga av hyttefelt. Planområdet grensar mot Trettetjørn som ligg nord for planavgrensinga og er registrert i *miljøstatus.no* som lokalt viktig naturtype.

Dersom fortettinga vert utført i tråd med plankart og synfaring vil ikkje dette føre til noko konflikt. Store delar av dei nye hyttetomtene i åsen på sørsida av E-16 vil ligge i nærleiken av torvmyr. Under synfaring i området kom det fram at hyttene skal ligge i randsona av myra og mest mogleg på naturlege opphøgingar i terrenget. Tilkomstvegane skal fylgje terrenget, det skal ikkje gjerast store inngrep for å føre fram ein ny veg. Ny tilkomstveg ved myrområdet i åsen må ikkje hindre avrenning/drenering frå myr.

Delar av området er eksponert mot E-16, noko som kan reduserast ved å behalde vegetasjon ned mot E-16, og kring fritidsbustadane. Ein bør unngå fritidsbustader som stikk seg for mykje fram i terrenget.

Området er allereie mykje nytta til friluftslivsinteresser, og stor aktivitet både sommar og vinter. Auke i fritidsbustader vil gje auka aktivitet i området. Ein bør unngå vinteropne vegar opp i

hyttefeltet då dette vil kunne forringe naturopplevinga for turgåarar og freden for hytteeigarar i området.

Ei utviding og fortetting av Fillestølen hyttefelt vil ikkje føre til store negative konsekvensar eller i stor grad endra arealbruk, og det vert her vurdert at fordelane veg meir enn ulempene.

#### 4.7 Kulturminne og kulturmiljø

Det er i tillegg gjennomført arkeologisk registreringsarbeid av Kulturavdelinga til Sogn og Fjordane fylkeskommune i området i august 2014.


##### **Fylkeskommunen sin tilråding**

*Vi meiner at dei automatisk freda kulturminna bør reguleras til spesialområde kulturminnevern, med eigne føresegner. Kvar kolgrop må gjevast ein eigen signatur i plankartetet jf. figur 4 i vedlagd registreringsrapport (s. 17).*

Det er valgt ikkje å lage eigne spesialområde kulturminnevern da ingen av funna blir berørt av fortettinga.

Det er tre tidlige registrerte kulturminne innanfor planområdet som vart undersøkt (sjå kart over). Like ovanfor E16, nord i planområdet, er det registrert ei tuft (Askeladden ID 141145) samt to kullgropar (Askeladden ID 141115) frå Yngre Jernalder. Heilt vest på planområdet, også langs med E16, er det registrert ei kullgrop (Askeladden ID 141103) frå vikingtid/mellomalder. Denne er i dag fjerna.

Filefjell er generelt svært rik på automatisk freda kulturminne, både i Sogn og Fjordane og på andre sida av Fylkesgrena til Oppland. Det har vore ei utstrakt framstilling/produksjon av kol og jarn under jernalder og starten av mellomalder. Om ein ser på kvar disse produksjonsanlegga som er registrerte ligg, er det tydeleg at dei fleste undersøkingane er føretatt langs med E16 og rundt eksisterande hyttefelt.



Oversiktskart over planområdet på Fillestølen med dei fire registrerte lokalitetane Lok. 1 – Lok. 4.  
Kart: Askeladden.ra.no

Reguleringsplanen vil gje dei involverte dei ytre rammene for å kunne behalde dei gode bustad- og opphaldsromma som allereie eksisterar i området. Bygnings- og kulturmiljø blir godt ivareteke gjennom dei nye planane, da rammene er vidareførte i forhold til eksisterande retningslinjer og planverk. Det vil ikkje være vesentleg verknader av planarbeidet i planområdet sett opp i mot kva situasjonen var før reguleringa.

#### **4.8 Risiko og sårbarheit**

Det er utarbeid ein eigen ROS analyse for reguleringsområdet.

Utdrag av konklusjon:

##### **Konklusjon**

Analysen viser at det gjennom planlegging og risikoreducerende tiltak vil være mulig å redusere antall uønskede hendelser, eller redusere konsekvensen av disse. God planlegging av prosjektet vil bidra til å redusere omfanget av eventuelle ulykker. Det er ikke påvist hendelser som står til hinder for oppfyllelse av reguleringsforslaget.

## 5 Føresegner

### Reguleringsplan for Fillestølen Hyttegrend, Filefjell, 6888 Borgund


Planid.: 1422-

Endring

Nr	Endring:	Dato	Sak

Handsaming etter

		Dato	Sak
1. gangs handsaming			
Offentleg ettersyn			
2. gangs handsaming			
Godkjenning			
Kunngjering			



6888 Borgund

Juni 2016

**REGULERINGSBESTEMMELSER:****1 FORMÅL:**

Formålet med reguleringsplanen og tilhørende bestemmelser er:

- 1.1 Å sikre best mulig bevaring av landskapsbilde og vegetasjon ved fremtidig utbygging. Å sikre at inngrep i terreng og vegetasjon skjer på en skånsom måte.
- 1.2 Å sikre at vegføringer og anlegg av annen infrastruktur skjer på en kontrollert og hensiktsmessig måte i forhold til terreng og vegetasjon. Samtidig skal det legges best mulig til rette for utnyttelsen av området og betjening av hyttene.
- 1.3 Å sikre at bebyggelsen i området blir tilpasset stedlige terrengforhold og estetisk sett harmonerer som en helhet i området.
- 1.4 Å samle bebyggelse i grupper slik at åpne arealer ivaretas. Å skåne karakteristiske terrengdrag for utbygging. Å unngå at bebyggelse plasseres på topper og andre steder hvor bygg blir sterkt eksponert.
- 1.5 Å sikre fri ferdsel sommer og vinter til og mellom friområder og andre arealer av interesse for allmennheten. Å sikre gamle ferdselsveier mot nedbygging og skade.

**2 GENERELT:**

Det regulerte området er på planen vist med reguleringsgrense.

Planområdet som er beskrevet er inndelt i reguleringsområder med følgende formål:

- 2.1 Bebyggelse og anlegg

1120	Fritidsbustad:	Byggeområde for frittliggende fritidsbebyggelse
1121	Fritidsbustad:	Byggeområde for eksistrende fritidsbebyggelse
- 2.2 Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur

2010	Veg:	Køyreveg
2080	Parkering:	Felles parkeringsplassar
- 2.3 Grøntstruktur

1420	Skiløype:	Regulert skiløypetrasé
5200	Friområde:	LNFR areal for spredt fritidsbebyggelse
- 2.4 Omsynsoner

370	Soner:	Omsyn Elkraft
-----	--------	---------------

**3 FELLES BESTEMMELSER:**

- 3.1 Krav til søknad: I forbindelse med søknad om tiltak skal det vedlegges situasjonsplan i målestokk 1:500. Søknaden skal vise:
  - Plassering av tiltaket samt eventuelle fremtidige bygninger i forhold til vei, byggegrenser, tomtgrenser og eventuelle bekker i nærheten.
  - Eventuelle forstøtningsmurer og terrasser skal vises. Terrengbehandling skal vises med nye koter og punkthøgder.
  - Typiske snitt som viser hyttas plassering og grunnmurshøgde med eksisterende og nytt terreng.
- 3.2 Bebyggelse:
  - Bygg i område F1, F2 og F3 skal ha 1 etasje
  - Bygg i område F4, F5, F6 og F7 kan byggast med oppstuge eller loftsetasje.
  - Plassering: Planlagt plassering viser på plankart. Mindre justeringar av fritidsbygget og tilkomst kan gjerast ved søknad.
  - Møneretning på hovedbygninger skal være tilnærmet parallell med kotene. Møneretning på underordnede bygg skal enten være med samme retning som hovedbygning eller i 90° grader til denne.
  - I.f.m. utforming og detaljering av byggverk, skal det sikres mot at dyr kan bli sittende fast.
  - Sokler og støttemurer som er høyere enn 0,6m tillates ikke.
  - Ytterveggkledning skal være trekledning (laftet, plate eller panel) eller stenforblending (skifer eller stedelig stensort).
  - Trekledning skal beises i naturgrå eller jordnære fargar. Enkelte, underordnede bygningsmessige detaljer kan farges hvit eller i mørke farger som i tråd med lokal byggeskikk.



- Bebyggelse skal innpasses i terrenget i størst mulig grad. Bygg skal graves inn i terrenget hvor dette gir en fordelaktig tilpasning. Uteterrasser tillates kun anlagt direkte på terreng.
  - Ved søknad om tillatelse skal det fremgå av snitt hvorledes bebyggelsen er plassert i forhold til eksisterende terreng, angitt med kotehøyde. Anleggsarbeidet med bebyggelse, spesielt med sprengningsarbeid av byggegrube, skal utføres på en slik måte at tilgrensende arealer ikke blir ødelagt.
  - På byggetomt er ingen terrengendring tillatt uten at det foreligger en godkjent byggesøknad med tilhørende utomhusplan.
- 3.3 Adkomst:
- Til hver tomt skal ha en adkomstvei. Traséen skal benyttes som anleggsvei i byggeperioden slik at skader til terreng minimaliseres.
- 3.4 Veg og parkering:
- Alle byggeområder skal ha tilfredsstillende adkomstforhold.
  - Køyreveg er regulert med en formålsbredde lik 4 m. Veibanen utformes hovedsaklig som en en-felts 3,5m adkomstvei med møteplasser. Hvor stigningsforholdet overstiger 7% (1:14) skal veibanebredde økes til 4 meter. Møteplass, utformet iht. gjeldende norm, plasseres minst hver 200 meter langs en-felts samleveier.
  - Parkeringsareal til hyttetomtene er regulert med en formålsbredde lik reguleringskart. Dette inkluderer ikke grøfter og fyllinger.
  - Alle grøfter, skjæringer og fyllinger kan foretas innenfor regulert ubyggbart areal på hyttetomt. Fyllinger og skjæring skal tilsåes snarest mulig etter opparbeiding. Det skal i størst mulig grad benyttes stedegen vegetasjon.
- 3.5 Ubebygd areal:
- Det tillates kun fjerning av vegetasjon som er nødvendig for plassering av bygninger og anlegg av adkomstvei og ledninger.
  - Felles infrastrukturiltak kan utføres skånsomt lfm. landskapsarbeider skal det kun anvendes stedelige plantesorter. Eksisterende vegetasjon skal i størst mulig grad bevares. Sår i terrenget som følge av anleggsvirksomhet bør unngås og skal i tilfelle bearbeides og tilbakeføres til naturlig terreng. Når anlegget er ferdig, skal området gis en behandling slik at det faller naturlig inn i omgivelsene.
  - Transformatorbokser og lignende skal bare tillates plassert der de ikke er til ulempe eller vil virke skjemmende.
- 3.7 Gjerder og murer:
- Hverken tomter eller bygninger skal gjerdes inn, men det kan settes opp stengsler inntil 3 meter fra bygningene i tilknytning til inngangsparti og terrasser, forutsatt at stengsler får en god utforming som er tilpasset bygningen og utearealet og ikke stenger for fri ferdsel. Gjerder og murer skal utføres som skigard eller tørrstensmurer. Hytteeier har ansvar for at dyr ikke kan bli innestengt eller skadet av gjerde eller mur på egen grunnjfr. PBL § 28.
- 3.8 Kulturminner:
- Alle kulturminner eldre enn år 1537 er automatisk fredet, jfr. lov om kulturminnevern. Dersom det ved tiltak i marka blir funnet automatisk freda kulturminner, skal arbeidet straks stanses i den grad det rører ved kulturminnene eller sikringssonen rundt dem. Melding skal sendes kulturminnemyndighetene i fylkeskommunen, slik at vernemyndighetene kan ta stilling til om tiltaket kan fortsette og eventuelle vilkår for dette.
- 3.9 Skitraséer og turveier:
- Der skitraséer, stier, løper og lignende krysser nye veier, skal adkomst sikres i terrenget og varsles med skilting. Slik kryssing skal gis en utforming som sikrer mot ulykker.
- 3.10 Der bekk, som registrert på kartet, passerer i nærhet av eller igjennom regulert byggeområde eller annen opparbeidet område, gjelder følgende:
- Endringer i bekkens trasé tillates ikke
  - Bebyggelse og terrengendringer skal holde en minsteavstand på 6 meter fra midtlinje bekk
  - Bekk skal beskyttes mot skade og forurensning i byggeperioden
- 4 FRITIDSBUSTAD:
- 4.1 Hver tomt kan bebygges med inntil 2 bygninger(jfr pkt 3.2), dvs. en hovedhytte og et anneks eller et uthus. Hovedhytte skal plasseres innenfor byggegrensene på plankartet. Ingen bebyggelse tillates plassert nærmere enn 4,0 meter fra eiendomsgrænse.



- 4.2 For område avsatt til fritidsbebyggelse er tillatt bruksareal BRA 150 m<sup>2</sup>, i tillegg til annekts eller uthus på 35 m<sup>2</sup>.
- 4.3 Bruksareal (BRA) kan fordeles på hovedbygning og tilleggsbygning, eller anvendes kun som hovedbygning.
- 4.4 Maksimum 35m<sup>2</sup> BRA kan benyttes til annekts eller uthus. Garasjer og carport kan tillates.
- 4.5 Tomtene kan bebygges med saltak eller pulttak, men det tillates kun en taktype på samme tomt. Bygninger innenfor en tomt skal ha samme takvinkel. Taktekkingsmateriale skal være torv, tre eller eller på anna måte vera tilpassa god byggeskikk. Bygninger med pulttak kan ha heldekkende membrantak med miljøtilpasset farge og lysrefleksjon.
- 4.6 Saltak skal ha takvinkel mellom 22° og 40°. Takoppløft tillates dersom det er underordnet hovedtak i omfang og takvinkelen er innenfor 18° og 24°.  
Hovedhytte: Maks. gesimshøyde er 3,3 meter over gjennomsnittlig planert terreng.  
Maks. mønehøyde er 6,5 meter over gjennomsnittlig planert terreng.  
Annekts og uthus: Maks. gesimshøyde er 3,1 meter over gjennomsnittlig planert terreng.  
Maks. mønehøyde er 4,7 meter over gjennomsnittlig planert terreng
- 4.7 Pulttak skal ha takvinkel mellom 10° og 30°.  
Hovedhytte: Maks. gesimshøyde (laveste gesims) er 3,3 meter over gjennomsnittlig planert terreng. Maks. bygningshøyde (øverste gesims) er 6,5 meter over gjennomsnittlig planert terreng .  
Annekts og uthus: Maks. gesimshøyde er 3,1 meter over gjennomsnittlig planert terreng. Maks. mønehøyde er 4,7 meter over gjennomsnittlig eksisterende terreng
- 4.8 Største tillatt bredde på hoveddelen av hovedhytte er 8 meter. Utbygg og vinkeløsninger på hoveddelen av hovedhytte kan tillates der tomten egner seg og bygningen tilpasses tomtens beskaffenhet. Største tillatte bredde på annekts er 5 meter.
- 4.9 Fyllinger, skjæringer og planering av terreng begrenses som følger: Ingen fylling eller skjæring skal resultere i en gjennomsnittlig helning brattere enn 1:2. Støttemurer tillates oppført med maksimumshøyde 0,6 m.
- 4.10 Til hver hytte er det avsatt plass til felles biloppstilling. Det skal etableres 2 biloppstillingsplasser pr. tomt inklusiv gjesteplass. Avkjøring til parkeringsfelt er vist på planen. Biloppstilling på egen tomt tillates.
5. FRILUFTSOMRÅDER:
- 5.1 Områdene skal benyttes til friluftsområder og til løyper/turveger. Gamle veger, stier og tråkk som er vist på plankartet kan ikke stenges, men skal holdes vedlike. Inngrep ifm. gamle veger, stier eller tråkk utover enkelt vedlikehold skal behandles av planutvalget.
- 5.2 Opparbeidelse av nye løyper/turveger tillates i gjennom området.
- 5.2.1 Bygninger tillates ikke oppført i friluftsområdene. Unntak kan ved dispensasjonssøknad gjøres av planutvalget når det gjelder nødvendige tekniske traseer, hus eller mindre fellesbygninger som ikke hindrer bruken av friluftsområdene. Det forutsettes at slike arbeid gjennomføres skånsomt i terrenget.  
Fremføring av VA-tekniske anlegg i grunnen, samt mindre bygg og anlegg for koplinger, kummer, vanntanker og inspeksjon o.l. i bakken kan anlegges på tomter og i friluftsområder. Slike installasjoner skal fortrinnsvis legges i regulerte veitraseer, men kan tillates i innenfor friluftsområde i begrenset omfang ved godkjent VA-plan. Terrenget skal tilbakeføres til opprinnelig tilstand etter arbeidene er ferdigstilt.

## 6 Vedlegg

- Plankart Fillestølen Hyttegrend – Meto Pro as
- ROS-analyse Fillestølen Hyttegrend – Meto Pro as
- Konsekvensutgreiing for utviding av Fillestølen hyttefelt – Aurland Naturverkstad
- RAPPORT FRÅ KULTURMINNEREGISTRERING – Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Eksisterande Disposisjonsplan med føresegner



**TEGNFORKLARING**  
PBL § 12.5 REGULERINGSPLAN

**BEBYGGELSE OG ANLEGG**

- 1120 Eksisterende Fritidsbustader
- 1121 Nye Fritidsbustader - Forfetting

**SAMFERDSELANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR**

- 2018 Kjørveg
- 2080 Parkering

**GRØNTSTRUKTUR**

- 5200 Friområde
- 1420 Skiløype

**OMSYNSONER**

- Omsyn Elkraft

**JURDISKE TEKSTER; LINJER- OG PUNKTSYMBOLER**

- Planens Begrensning
- Hensynszone Kraftline
- Tursti
- Formålsgrense
- Byggegrense
- Planlagt plassering (ikke bindende)



Revisjon	Dato	Saksnr.	Signatur
<p><b>Fillestølen, Filefjell</b></p> <p>Reguleringsplan for forfetting Fillestølen Hyttsegrend, Filefjell</p> <p>Målestokk: 1:2000</p> <p>Kartblad: <input type="text"/></p> <p>Forslagstilt: <input type="text"/></p> <p>Dato: 09.05.2016</p>			
<p>Reguleringsplan for forfetting Fillestølen Hyttsegrend, Filefjell</p> <p>Saksbehandling i følge plan- og bygningsloven</p> <p>Kommisjonering av opposisitt av arbeidet</p> <p>1. gangs behandling i det faste utvalget for plansaker</p> <p>Offentlig høring</p> <p>2. gangs behandling i det faste utvalget for plansaker</p> <p>Kommunestyrets vedtak</p>			
<p>Knut Maristuen</p>			<p>Plan utarbeidet av:</p> <p> meto pro</p>
<p> </p>			<p>Saksbehandler</p> <p>Regnr.: 101 - RP</p>

Fillestølen Hyttefelt, Fortetting, 6888 BORGUND

Vedlegg 3

# RISIKO OG SÅRBARHEITSANALYSE



Emne: Fillestølen Hyttefelt, Fortetting,  
6888 Borgund

Risiko og Sårbarhetsanalyse.

Kommentar:

Forfatter:

Meto Pro as

Trond Einemo

Prosjektnr:

Meto Pro 150-2015

Rapportnavn:

**ROS analyse**

Fillestølen Hyttefelt,

6888 Borgund

Oppdragsgiver:

Knut Maristuen

Kvalitetskontrollert av

Kjell Olav Cock

## Innhold

FORORD .....	4
BAKGRUNN OG NØKKELOPPLYSNINGER .....	4
METODE .....	4
UØNSKA HENDELSAR, KONSEKVENSAAR OG TILTAK .....	6
Grunnforhold:.....	8
Radon:.....	8
Naturmiljø/naturtypar:.....	9
Fornminne: .....	10
Brann: .....	12
Oppsummering.....	12
Konklusjon .....	12

## FORORD

Hensikten med en ROS-analyse er å sikre at viktige sikkerhets- og beredskapsmessige hensyn blir integrert i planleggingen, slik at omfang og skader av uønskede hendelser i anleggs- og driftsfase reduseres.

ROS-analysen er utarbeidet i henhold til prinsippene i Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskaps (DSB) metodikk slik den er beskrevet i veileder om kommunale ROS-analyser. Innhenting av bakgrunnsdata og rapportskriving er utført av Meto Pro as

## BAKGRUNN OG NØKKELOPPLYSNINGER

Meto Pro vart engasjert av Knut Maristuen på gnr. 72 og bnr. 15, å utarbeide reguleringsplan og legge til rette for ei fortetting i området i samsvar med dagens krav, tiltakshavars intensjonar, samt gjeldande kommunedelplan.

**Omfang:** Området ligger på Filfjell, ved grensa mot Vang kommune, langs E-16 i Lærdal kommune, ca. 50 km aust for Lærdalsøyri, og er på ca. 1 150 000 m<sup>2</sup>. I varsel om oppstart var området noko større, men under prosessen har me avgrensa området noko. Avgrensinga av området er i samsvar med føremål i gjeldande Kommunedelplanen for Filefjell.

**Planstatus:** Områda er i dag regulert til LNF-område, fritidsbustader. Fortettinga og reguleringa er i samsvar med gjeldande kommunedelplan og anna planverk.

## METODE

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) har utarbeidet veileder for kommunale risiko- og sårbarhetsanalyser (1). Risiko uttrykker den fare som uønskede hendelser representerer for mennesker, miljø, økonomiske verdier og samfunnsviktige funksjoner. Risiko er et resultat av sannsynligheten (frekvensen) for og konsekvensene av uønskede hendelser

Hensikten med en ROS-analyse er å gjennomføre en systematisk kartlegging av uønskede hendelser for derigjennom å identifisere hvordan prosjektet ev. bør endres for å redusere risikoen til et akseptabelt nivå.

Hendelser kan representere en fare for mennesker, miljø, økonomiske verdier og samfunnsviktige funksjoner. Det kan være ulike årsaker til en ulykke eller en hendelse, og for å vurdere muligheten for tiltak, vurderes også årsaken til hendelsen. Dette kan være enkeltstående risikomomenter eller kombinasjoner av slike forhold.

Videre skal sannsynligheten for at en uønsket hendelse skal inntreffe klassifiseres, dvs. det skal anslås hvor hyppig hendelsen kan forventes å inntreffe. Denne vurderingen må bygge på kjennskap til lokale forhold, erfaringer, statistikk og annen relevant informasjon. I denne ROS-analysen har vi benyttet klassifisering som vist i DSBs veileder.

Tabell 1: Beskrivelse av sannsynlighet for at en uønsket hendelse skal inntreffe

Begrep	Frekvens	Vekt
Lite sannsynlig	Sjeldnere enn hvert 50. år.	1
Mindre sannsynlig	Mellom en gang hvert 10 år og en gang hvert 50 år.	2
Sannsynlig	Mellom en gang hvert år og en gang hvert 10 år	3
Meget sannsynlig	Mer enn en gang hvert år.	4

Når sannsynligheten er vurdert, skal konsekvensene av en hendelse beskrives og vurderes. Konsekvens betegnes som en mulig virkning av en hendelse. Konsekvensene er klassifisert etter forventet skadeomfang, og klassifisert både i forhold til konsekvens for mennesker, for miljø og for samfunnsviktige funksjoner.

Tabell 2: Beskrivelse av forventet konsekvens/skadeomfang av en hendelse

Begrep	Vekt	A Mennesker	B Miljø	C Samfunnsviktige funksjoner
Ufarlig	1	Ingen personskader	Ingen miljøskader	Systemer settes midlertidig ut av drift. Ingen direkte skader, kun mindre forsinkelser, ikke behov for reservesystemer.
En viss fare	2	Få eller små personskader	Mindre miljøskader	Systemer settes midlertidig ut av drift. Kan føre til skader dersom det ikke finnes reservesystemer/alternativer.
Kritisk	3	Få men alvorlige personskader	Omfattende skader på miljøet	Driftstans i flere døgn. For eks. ledningsbrudd i grunn og luft.
Farlig	4	Opp til 5 døde	Alvorlige skader på miljøet	Systemet settes ut av drift for lengre tid. Andre avhengige systemer rammes midlertidig.
Katastrofalt	5	Over 5 døde og 20 alvorlige skadde	Svært alvorlige og langvarige skader på miljøet.	Hoved- og avhengige systemer settes permanent ut av drift. Kombinasjon av flere viktige funksjoner ute av drift. Adkomst, strømforsyning, vannforsyning.




Sannsynligheten og konsekvensen av ulike hendelser gir til sammen et uttrykk for risikoen som en hendelse representerer.

Vurderingene av sannsynlighet og konsekvens er sammenstilt i en risikomatrix. Hendelser som kommer opp i øvre høyre del i risikomatriksen (rødt) har store konsekvenser og stor sannsynlighet, mens hendelser i nedre venstre del (grønt område) er mindre farlige og lite sannsynlige.

Mottiltak må iverksettes dersom hendelsene faller innenfor rødt område, og vurderes dersom hendelsene faller innenfor gult område. For flere aktuelle hendelser vil lover og forskrifter pålegge tiltak uansett i hvilket område hendelsen faller innenfor. Matriksen beskriver risikoen etter at mottiltaket er vurdert.

Tabell 3: Risikomatrix, basert på uønskede hendelser

Konsekvens	Ufarlig	En viss fare	Kritisk	Farlig	Katastrofalt
Sannsynlighet					
Meget sannsynlig	4	8	12	16	20
Sannsynlig	3	6	9	12	15
Mindre sannsynlig	2	4	6	8	10
Lite sannsynlig	1	2	3	4	5

	Mottiltak bør iverksettes
	Mottiltak bør vurderes
	Utenfor risikoområdet



## UØNSKA HENDELSAR, KONSEKVENSA OG TILTAK

Tenkelege hendelsar, risikovurdering og mulige tiltak er sammenfatta i tabell 4.

**Tabell 4 Bruttoliste mulige uønskete hendelser**

Hendelse/Situasjon	Aktuelt?	Sanns.	Kons.	Risiko	Kommentar/Tiltak
<b>Natur- og miljøforhold</b>					
<i>Ras/skred/flom/grunnforhold. Er området utsatt for, eller kan planen/ tiltaket medføre risiko for:</i>					
1. Masseras/-skred	Nei				skredatlas.nve.no Vurdert nærmare av geolog
2. Snø-/isras	Nei				skredatlas.nve.no Vurdert nærmare av geolog
3. Flomras	Nei				skredatlas.nve.no Vurdert nærmare av geolog
4. Elveflom	Nei				skredatlas.nve.no
5. Tidevannsflom	Nei				skredatlas.nve.no
6. Radongass	Ja			Mennesker	Moderat til lav iflg. Geokart NGU, Sjå nærmare vurdering
<i>Vær, vindeksponering. Er området:</i>					
7. Vindutsatt	Nei				
8. Nedbørutsatt	Nei				
<i>Natur- og kulturområder</i>					
9. Sårbar flora	Nei				
10. Sårbar fauna/fisk	Nei				
11. Verneområder	Ja			Miljø	Viktige naturtyper, område BN 00017517, ligg delvis inne i reguleringsområde. Ingen endring som kjem i berøring med dette området.
12. Vassdragsområder	Ja			Miljø	Viktige naturtyper, område BN 00017517, ligg delvis inne i reguleringsområde. Ingen endring som kjem i berøring med dette området.
13. Fornminner (afk)	Ja			Miljø	Sjå eigen utredning frå registreing av kulturminner. Ingen endring i status som kjem i berøring med desse områda.
14. Kulturminne-/miljø	Ja			Miljø	Sjå eigen utredning frå registreing av kulturminner. Fortettinga områder kjem ikkje i berøring med Forninner

<b>Menneskeskapte forhold</b>					
<i>Strategiske områder og funksjoner. Kan planen/tiltaket få konsekvenser for:</i>					
15. Vei, bru, knutepunkt	Nei				
16. Havn, kaianlegg	Nei				
17. Sykehus/-hjem, kirke	Nei				
18. Brann/politi/sivilforsvar	Ja			Mennesker	Sjå nærmare vurdering.
19. Kraftforsyning	Nei				

20. Vannforsyning	Nei				
21. Forsvarsområde	Nei				
22. Tilfluktsrom	Nei				
23. Område for idrett/lek	Nei				
24. Park; rekreasjonsområde	Nei				
25. Vannområde for friluftsliv	Nei				
<i>Forurensningskilder. Berøres planområdet av:</i>					
26. Akutt forurensning	Nei				
27. Permanent forurensning	Nei				
28. Støv og støy; industri	Nei				
29. Støv og støy; trafikk	Nei				
30. Støy; andre kilder	Nei				
31. Forurenset grunn	Nei				
32. Forurensning i sjø	Nei				
33. Høyspentlinje (em stråling)	Nei				
34. Risikofylt industri mm (kjemikalier/eksplosiver, olje/gass, radioaktivitet)	Nei				
35. Avfallsbehandling	Nei				
36. Oljekatastrofeområde	Nei				
<i>Medfører planen/tiltaket:</i>					
37. Fare for akutt forurensning	Nei				
38. Støy og støv fra trafikk	Nei				
39. Støy og støv fra andre kilder	Nei				
40. Forurensning i sjø	Nei				
41. Risikofylt industri mm (kjemikalier/eksplosiver osv)	Nei				
<i>Transport. Er det risiko for:</i>					
42. Ulykke med farlig gods	Nei				
43. Vær/føre begrenser tilgjengelighet til området	Nei				
<i>Trafikksikkerhet</i>					
44. Ulykke i av-/påkørsler	Nei				
45. Ulykke med gående/syklende	Nei				
46. Ulykke ved anleggsgjennomføring	Nei				
47. Andre ulykkespunkter	Nei				
<i>Andre forhold</i>					
48. Sabotasje og terrorhandlinger					
- er tiltaket i seg selv et sabotasje- /terormål?	Nei				
- er det potensielle sabotasje- /terormål i nærheten?	Nei				

49. Regulerte vannmagasiner, med spesiell fare for usikker is, endringer i vannstand mm	Nei				
50. Naturlige terrengformasjoner som utgjør <i>spesiell</i> fare (stup etc.)	Nei				
51. Gruver, åpne sjakter, steintipper etc	Nei				
52. Spesielle forhold ved utbygging/gjennomføring	Nei				

Følgende tema fra sjekklisten er vurdert som aktuelle for videre analyse:

- Grunnforhold (Overflatevann og Radon)
- Naturmiljø/naturtyper
- Fornminne (afk)
- Brann

For disse temaene er det gjort utfyllende risikovurderinger, se de følgende delkapitlene.

### Grunnforhold:

Sør-østlige del av feltet har ei helling som gjorde at me tok kontakt med Geolog for å få vurdert dette. Tilbakemeldinga var at det ikkje var fare for skred, eller sørpeskred i det aktuelle området, men at det lenger over mot Vang(øst) var ei viss fare, samt ned mot Smedalen. Dette ligg utanfor område som er tenkt regulert til fritidsbustader eller vegareal, så det er dermed ikkje vurdert nærmare.




Kjelde: geo.ngo.no

### Radon:

Natur- og miljøforhold		Sannsynlighet	Konsekvens			Risiko
			A	B	C	
6.	Radongass	1	3	1	1	3

Kart frå NGU viser Moderat til lav aktsomhetsgrad med tanke på radonfare. Bygging etter TEK 10 ivaretek beskyttelse mot radonnivå på dette nivået. Det er forutsett at slike tiltak vil bli gjennomført i

detaljplanlegginga av bygga som skal førast opp i området.



Kjelde: geo.ngo.no

Naturmiljø/naturtypar:


Natur- og kulturområder		Sannsynlighet	Konsekvens			Risiko
			A	B	C	
11.	Verneområder	1	1	3	1	3
12.	Vassdragsområder	1	1	3	1	3

Viktige naturtyper, område BN 00017517, ligg delvis inne i reguleringsområde i Nordlig del. Reguleringa legg ikkje opp til endringar som kjem i berøring med dette området.

Fakta: Naturtype

**Trettetjørn**

Id	BN00017517
Områdenavn	Trettetjørn
Kommuner	Lærdal
Naturtype	Andre viktige forekomster
Utforming	
Verdi	Lokalt viktig
Utvalgt naturtype	Nei
Registreringsdato	01.01.2000
Nøyaktighetsklasse	
Tilstand	
MOB-Land prioritet	G Ikke vurdert
Modellert	
Gjennomsnittsdyp	
Forvaltningsplan	
Forvaltningsavtale	0
Forvaltningsavtale inngått	
Forvaltningsavtale utløper	
Bruk	
Påvirkningsfaktor	
Verdbegrunnelse	
Innledning	Myrområde og næringsfattig vatn, hekkeplass for våtmarksfugl. Delar av området ligg i Oppland fylke. Vurdert til lokalt viktig av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 2001 (VVV rapporten for Smeddøla). Føreslege verna i utkast til verneplan for våtmark (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 1985). Området bør sikrast mot inngrep.
Beliggenhet	
Naturtyper	
Artsmangfold	
Påvirkning	
Fremmede arter	
Skjåtsel	
Landskap	
Mangler	
Totalareal	290 daa



Kjelde: kart.naturbase.no


**Fornminne:**

Natur- og kulturområder		Sannsynlighet	Konsekvens			Risiko
			A	B	C	
13.	Fornminner (afk)	1	1	3	1	3
14.	Kulturminne/-miljø	1	1	3	1	3


Sogn og Fjordane fylkeskommune ved Kulturavdelinga gjennomførte ei arkeologisk registrering på Fillestølen i perioden 18.08 – 22.08.14. Bakgrunn for registreringa er Knut Maristuen sin plan om utviding av eksisterande hyttefelt på Fillestølen. Registreringa

I alt vart det registrert 15 automatisk freda kulturminne innanfor planområdet.

Planområdet vart undersøkt ved overflateregistrering, der det primært vart leita etter kolframstillingsanlegg, jarnvinne og tuftar frå jarnalderen. 10 dagsverk vart nytta i felt og 3 dagsverk er nytta til etterarbeid. Ingen 14C prøver er sendt inn til datering.



Automatisk freda kulturminne er påvist fordelt på fire lokalitetsflater. Totalt vart 15 førhistoriske strukturar påvist i form av kolframstillingsanlegg.



I alt vart det registrert 15 automatisk freda kulturminne i form av kolgroper fordelt på 4 lokalitetsflater innanfor planområdet. Planområdet vart undersøkt ved overflaterregistrering, der det primært vart leita etter trekolframstillingsanlegg, jarnvinne og tuftar frå jarnalderen.

Alle registrerte funn ligg i eksisterande stuktur og bebyggelse av reguleringsområde og vil ikkje bli berørt av forfettinga.

## Brann:

Menneskeskapte forhold		Sannsynlighet	Konsekvens			Risiko
			A	B	C	
18.	Brann/politi/sivilforsvar	2	3	2	1	6

Ved evt. brann vil utrykkingstid ligge på 50 - 60 min. Dette betyr at alle rømningsmuligheter ved brann må være tilstede og operative. Avstandsbestemmelsar i detaljplanlegginga og plasseringa av konstruksjonar er viktige å oppretthalde for å hindre spredning.

Eit godt samarbeid mellom brannvesenet i Lærdal kommune og Vang kommune vil betre utrykkingstid, og dermed kunne begrense skadeomfang.

## Oppsummering

Tabell 5: Risikomatrix, basert på uønskede hendelser

Konsekvens	Ufarlig	En viss fare	Kritisk	Farlig	Katastrofalt
Sannsynlighet					
Meget sannsynlig					
Sannsynlig					
Mindre sannsynlig			18		
Lite sannsynlig			6 Mennesker og 11,12,13,14 Miljø		

## Konklusjon

Analysen viser at det gjennom planlegging og risikoreducerende tiltak vil være mulig å redusere antall uønskede hendelser, eller redusere konsekvensen av disse. God planlegging av prosjektet vil bidra til å redusere omfanget av eventuelle ulykker. Det er ikke påvist hendelser som står til hinder for oppfyllelse av reguleringsforslaget.



## Konsekvensutgreiing for utviding av Fillestølen hyttefelt



Bengt Erlend Skjerdal



<p><i>Tittel:</i> Konsekvensutgreiing for reguleringsplan for fortetting av Fillestølen Hyttegrend, Lærdal.</p>		<p><i>Rapportnr:</i> 7/2016</p>
<p><i>Forfatter:</i> Bengt Erlend Skjerdal</p>		<p><i>Dato:</i> 30.03.2016</p>
<p><i>Referanse:</i> Skjerdal, Bengt Erlend. <i>Konsekvensutgreiing for utviding av Fillestølen hyttefelt</i>. Konsekvensutgreiinga er ein del av reguleringsplan for Reguleringsendring ved Fillestølen i Lærdal.</p>		
<p><i>Oppdragsgiver:</i> Meto Pro AS</p>	<p><i>Kontaktperson oppdragsgiver:</i> Trond Øyen Einemo</p>	
<p><i>Referat:</i> I samband med at grunneigar Knut Maristuen ønskjer å fortette deler av Fillestølen Hyttegrend har Aurland Naturverkstad AS på oppdrag frå Meto Pro AS v/Trond Ø. Einemo gjennomført konsekvensutgreiing på utvalde område innan natur- og biologisk mangfald, kulturminne og landskap, friluftsliv/rekreasjon, Samstundes vart og konsekvensar av endra arealbruk vurdert. Konsekvensutgreiinga er ein del av reguleringsplan for Reguleringsendring ved Fillestølen i Lærdal. Lærdal kommune er ansvarlig myndigheit for å fastsetje programmet. Planområdet ligg mellom Øvre Smedalsvatn og fylkesgrensa og sør for E16, om lag 950 moh. Området er i stor grad nytta til friluftssinteresser. Fjellpartiet rundt Fillestølen er nasjonalt viktig for friluftsliv med startpunkt langs E-16 for fotturar, skiturar, jakt, fiske og bær- og soppturar. Området er i Kommunedelplanen for Filefjell sett av til fritidsbustader, og det er i kommunedelplanen opna for ei fortetting av området. Kommunedelplanen for Filefjell vart vedteken i Lærdal Kommunestyre 12.05.2005</p>		
<p><i>Forsideillustrasjon:</i> Hytte i eksisterande hyttefelt, Fillestølen</p>	<p><i>Emneord:</i> Konsekvensutredning Kulturminne Kulturmiljø Landskap Friluftsliv</p>	
<p><i>Produsert av:</i> Aurland Naturverkstad AS Postboks 27 5741 Aurland Tlf. 57633629, Fax: 57633516 e - post: post@naturverkstad.no www.naturverkstad.no</p>		



## **Forord**

Aurland Naturverkstad AS har på oppdrag frå Meto Pro AS v/Trond Ø. Einemo gjennomført konsekvensutgreiing på utvalde område innan natur- og biologisk mangfald, kulturminne og landskap, friluftsliv/rekreasjon, Samstundes vart og konsekvensar av endra arealbruk vurdert. Konsekvensutgreiinga er ein del av reguleringsplan for Reguleringsendring ved Fillestølen i Lærdal. Lærdal kommune er ansvarlig myndigheit for å fastsetje programmet.

Aurland, 30.03.2016

Bengt Erlend Skjerdal

## Innhold

Innleiing.....	5
Bakgrunn og metode.....	5
Datagrunnlag.....	5
Nokre omgrepsavklaringar.....	5
Metodikk.....	5
Vurdering av konsekvensar.....	6
Planområde.....	7
Område:.....	7
Naturmiljø.....	8
Arealbruk og friluftsliv.....	9
Kulturminne og kulturmiljø.....	9
Landskap.....	10
Vurdering.....	11

## Innleiing

Føremålet med planarbeidet er å vurdere og legge til rette for utviding og fortetting av eksisterande hytteområde jamfør kommunedelplanen for Filefjell. I samband med denne planprosessen må det utarbeidast ein KU for fylgjande tema:

- Kulturminner og kulturmiljø
- Naturmangfald
- Friluftsliv
- Landskap

## Bakgrunn og metode

### Datagrunnlag

Rapporten bygger på informasjon frå oppdragsgjevar og synfaring den 26.10.2015 av aktuelle planområde. I tillegg er kart og opplysningar i tilgjengelige databaser, samt tilgjengelige rapporter/informasjon frå andre relevante undersøkingar nytta.

### Nokre omgrepsavklaringar

I rapporten blir t. d. omgrepa *kulturminner* og *kulturmiljø nytta*. Desse er definert i Lov av 9. juni 1978 (Kulturminnelova).

*Kulturminne* er alle spor etter menneskeleg aktivitet i vårt fysiske miljø, som lokalitetar det knytt seg historiske hendingar, tru eller tradisjonar til. Freding etter kulturminneloven omfattar automatisk freding og freding etter vedtak. Kulturminner eldre enn 1537, erklærte ståande byggverk frå perioden 1537-1650 og samiske kulturminner eldre enn 100 år er automatisk freda (§ 4). Ein freding omfattar ein sikringszone (§ 6). Skipsfunn eldre enn 100 år er også gitt automatisk vern (§ 14). Slike kulturminne er i det følgjande omtala som *automatisk freda kulturminner*.

Kulturminner (ikkje samiske) som er yngre enn 1537 og samiske kulturminner yngre enn 100 år er ikkje automatisk freda ved lov og omtales som *etterreformatoriske* eller *nyare tids kulturminne*.

*Kulturmiljø* er eit område kor kulturminne inngår som del av ein større heilskap eller samanheng. Ein samla vurdering av eit områdes kulturhistorie, kulturminner og tidsdjupne dannar grunnlag for avgrensing av eit kulturmiljø. Størrelsen på kulturmiljøa kan variera. Dei kan bestå av mindre felt med fornminner (for eksempel et gravfelt) eller av større landskapsrom (for eksempel en større avgrensing i et dalføre som er avgjerande for forståing og oppleving av et fangstanleggs funksjon).

### Metodikk

KU for dei utvalde planområda er vurdert etter:

- ei vurdering og verdsetjing av aktuell planområde
- konsekvensar ved ny arealbruk

Vurdering og verdsetjing av areala for desse tema byggjer på følgjande:

- Naturverdiar og biologisk mangfald
  - viktige naturtypar, biologisk mangfald, viltførekomstar, område verna etter naturvernlova, verna vassdrag, strandsone
- Friluftsliv

- Turvegar, badeplassar, registrerte friluftsområde i regional kartlegging, bruk av område til jakt og fiske, leike og friområde, allmenn tilkomst til sjø
- Kulturminne
  - freda bygg og anlegg, verneverdige kulturminne eller kulturmiljø, eldre gardstun, naust og sjøhusmiljø osb.
- Landskap
  - Landskapsverdiar eller sårbart landskap, landemerke

Verdsetjinga er vurdert i frå liten til middels og stor verdi. Område utan kartlagde førekomstar er sett til liten verdi. Der det er kartlagde eller kjende verdiar av lokal betydning er desse areala vurdert til middels stor verdi. Der det finst sjeldne førekomstar eller særskilte verdiar av regional eller nasjonal betydning er områda vurdert til å ha stor verdi.

## Vurdering av konsekvensar

Tema som er konsekvensvurdert ved ny arealbruk er følgjande:

- Naturverdiar og biologisk mangfald
  - Biologisk mangfald, viltførekomstar, område verna etter naturvernlova, verna vassdrag og strandsone
- Friluftsliv
  - Bruk av område til friluftsliv
- Kulturminne og Kulturmiljø
  - Freda eller verneverdige kulturminne eller kulturmiljø, eldre busetnad, gardstun osb.
- Landbruk
  - Konsekvensar for landbruksproduksjon og kulturlandskapsverdiar
- Landskap og estetikk/strandsona
  - Visuelt sårbart eller eksponert areal
- Helse
- Helse og miljø, nærområde, oppvekstvilkår
- Universell utforming
  - Tilrettelegging for alle brukargrupper, tilgjenge, likestilling
- Infrastruktur
  - Trafikktryggleik, skule og barnehage, aldersheim, omsorgsbustad, offentlege tenester, servicetilbod, veg, vatn, avlaup, IKT
- Naturrisiko og klima
  - Grunntilhøve, skred, flaum, ekstremvær, vind, nedbør, radon, havnivåstiging, dambrot, skog og grasbrann

Konsekvensar ved ny arealbruk er vurdert i frå -3 til + 3, frå store negative til store positive konsekvensar. Dersom ny arealbruk ikkje er vurdert til å få særskilte konsekvensar er det sett til 0. Ikkje alle tema er vurderte som relevante for alle områda. Desse er ikkje talfesta eller omtalt vidare. Det er faglege vurderingar som byggjer på den kunnskapen ein har om tiltaket pr. i dag.

## Planområde

**Område:** Fillestølen, Lærdal


**Areal:** 1 150 000 m<sup>2</sup>

**Planstatus:** Området er i Kommunedelplanen for Filefjell sett av til fritidsbustader, og det er i kommunedelplanen opna for ei fortetting av området. Kommunedelplanen for Filefjell vart vedteken i Lærdal Kommunestyre 12.05.2005

**Eksisterande arealbruk:** Fritidsbustader, tur- og løypenett og friluftsliv.

### Planlagt arealbruk:

Legge til rette for fleire tomter i eit allereie regulert område. Tiltakshavar ønskjer å kunne tilby nye tomter for sal.



Figur 1 Planområdet



Figur 2 bilete teke frå E-16 mot aust. Ved enden av Øvre Smedalsvatn ligg Fillestølen hyttegrend og planområdet.

## Naturmiljø

Området er kjend gjennom databasane [www.dirnat.no](http://www.dirnat.no), [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no), [www.miljostatus.no](http://www.miljostatus.no). Trettetjørn ligg nord for planavgrensinga og er registrert i *miljøstatus.no* som lokalt viktig naturtype. Her er det myrområde og næringsfattig vatn, hekkeplass for våtmarksfugl. Delar av området ligg i Oppland fylke. Vurdert til lokalt viktig av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 2001 (VVV rapporten for Smeddøla). Føreslege verna i utkast til verneplan for våtmark (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 1985). Området bør sikrast mot inngrep, og slik planane ser ut vert ikkje området råka av ny utbygging.

Store delar av dei nye hyttetomtene i åsen på sørsida av E-16 vil ligge i nærleiken av torvmyr. Under synfaring i området kom det fram at hyttene skal ligge i randsona av myra og mest mogleg på naturlege opphøgingar i terrenget. Tilkomstvegane skal fylgje terrenget, det skal ikkje gjerast store inngrep for å føre fram ein ny veg. Ny tilkomstveg ved myrområdet i åsen må ikkje hindre avrenning/drenering frå myr.

Det er ikkje registrert trua arter innanfor plangrensene.

I området er det fjellvegetasjon beståande av tett skog av fjellbjørk (*Betula pubescens* var *Pumila*), med enkelte opne myrområde. Busksjiktet har innslag av einer (*Juniperus communis*) og sølvvier (*Salix glauca* var *glauca*). I feltsjiktet er det mykje lyng, både røsslyng (*Calluna vulgaris*) og blåbær (*Vaccinium myrtillus*). Inkelte stader er det musøre (*Salix herbacea*) samt innslag av multer (*Rubus chamaemorus*). Kring myrområda finn ein ulike starr- og sivartar m.a Trillingsiv (*Juncus triglumis*), kastanjesiv (*Juncus castaneus*).



Sørleg del av planområdet ligg i randsona av eit registrert beiteområde til Filefjell reinlag. Dette omfattar kalvings- og tidleg vårland, luftingsområder for ro og avkjøling, og tidleg haustland der reinen kan bygge seg opp etter insektplage og vert spreidd på leiting etter sopp.



Figur 3 Utsyn frå tomtene lengst sør i området, biletet er teke mot nord-vest mot Øvre Smedalsvatn.

### **Arealbruk og friluftsliv**

Planområdet, særleg sør for E-16, er i stor grad nytta til friluftsliv. Fjellpartiet rundt Fillestølen er nasjonalt viktig for friluftsliv med startpunkt langs E-16 for fotturar, skiturar, jakt, fiske og bær- og soppturar. Parkeringsplassane er ofte utgangspunkt for turgåarar sommar som vinter. Utgangspunkt for mange kjende turløyper til turmål i kringliggande fjellområder m.a Suletinden, Sulebu, Vardhovdtinden. På vinteren er det oppkøyrt skispor gjennom området som strekkjer seg frå Maristova i vest til Tyinkrysset i aust.

*Den gamle kongevegen* passerar sør for planområdet, og mange tek seg opp til kongevegen gjennom det eksisterande hyttefeltet ved Fillestølen.

Fillestølen er eit bra utgangspunkt for friluftsliv og er eit populært område for folk som ynskjer ein fritidsbustad i fjellet. Det er allereie over 60 eksisterande fritidsbustader innanfor planområdet.

### **Kulturminne og kulturmiljø**

Innanfor planområdet, i eksisterande hyttefelt ved Fillestølen, er det registrert 6 ulike kullfremstillingsanlegg med vernestatus automatisk freda frå jernalderen.

*Den gamle kongevegen* passerar sør for planområdet.

## Landskap



*Figur 4 Flatt terreng med myrområde ved Øvre Smedalsvatn.*

Området ligg mellom Øvre Smedalsvatn og fylkesgrensa og sør for E16, om lag 950 moh. Landskapet er prega av kollar og myrar, med dei store fjella i god avstand frå fritidsbustadane. Nord for E-16, ved Øvre Smedalsvatn, er terrenget flatt og ope, beståande av myrar og små kollar. Sør for E-16 får landskapet meir åspreg. Det er i åsen sør i planområdet dei fleste eksisterande fritidsbustadane ligg og det er der dei fleste nye tomtene skal komme. Åsen hevar seg om lag 50 meter over E-16 og det flate terrenget rundt. Sjølve åsen flatar ut på toppen med små myrar og kollar.



*Figur 5. Myrområde og kollar på toppen av åsen og hyttegrenda.*

## Vurdering

Verdivurdering	Verdi	Merknad
Landskap	<b>L</b>	Utmark, ikkje landbruksaktiviteter i planområdet.
Naturverdiar og biologisk mangfald	<b>M</b>	Basert på observasjonane som er gjort samt eksisterande databaser, vert naturen i området vurdert som alminneleg. Området inneheld ikkje vegetasjon som fell innanfor kriteria for registrering av lokalitetar med høg verdi for biologisk mangfald jfr. DN handbok 13. Potensialet for raudlisteartar vert vurdert som lågt. Grensar mot Trettetjørn som ligg nord for planavgrensinga og <i>er registrert i miljøstatus.no som lokalt viktig naturtype.</i>
Kulturminne og kulturlandskap.	<b>M</b>	Innanfor planområdet, i eksisterande hyttefelt ved Fillestølen, er det registrert 6 ulike kolframstillingsanlegg med vernestatus automatisk freda frå jernalderen.  <i>Den gamle kongevegen passerar sør for planområdet.</i>
Friluftsliv/rekreasjon	<b>S</b>	Fjellpartiet rundt Fillestølen er nasjonalt viktig for friluftsliv med startpunkt langs E-16 for fotturar, skiturar, jakt, fiske og bær- og soppturar.
<b>Konsekvensar av endra arealbruk</b>		-
Areal og transport	<b>0</b>	Eit utvida hyttefelt vil føre til auka trafikk, samt meir av- og påkøyrse på E-16. Veggen strekkjer seg frå Lærdal og til Tyin, Valdres, og har til tider stor trafikk. E-16 er under stor opprusting og legg godt til rette for parkering og gode løysingar mtp av- og påkøyrse for tilkomstvegane til hyttene.
Landskap og estetikk	<b>-1</b>	Eit utvida hyttefelt ved Fillestølen vil i liten grad vere visuelt sårbart utover det som allereie eksisterar av fritidsbustader, men vil vere eksponert mot E-16. Ved å behalde vegetasjon ned mot E-16 vil ein redusere eksponeringa. Nye tomter på nordsida av E-16 vil vera meir eksponert frå veg, men det er eit fåtal av fritidsbustadane som skal leggjast her. Under synfaring gjekk det fram at planlagde tomter skal leggjast naturleg i terreng, utan store inngrep.
Forureining	<b>-1</b>	Mindre bekkar renn igjennom planområdet. Det må leggjast til rette for tilstrekkeleg avrenning frå myrane.
Born og unge	<b>0</b>	Litt auka trafikk i samband med utbygging og tilkomst til nye fritidsbustader, men lite auka trafikk gjennom eksisterande hyttegrend. Ei fortetting av hyttegrenda vil mest sannsynleg føre til ei auke av familiar med born og unge, noko som

		igjen vil føre til meir leik og aktivitet i området. Auka aktivitet i området kan oppfattast negativt og forstyrrende av eksisterande hytteeigarar.
Grunneigarinteresser	<b>+2</b>	Grunneigar Knut Maristuen ynskjer å fortette deler av Fillestølen Hyttegrend.
Nærmiljø og friluftsliv	<b>+1</b>	Fjellpartiet rundt Fillestølen er nasjonalt viktig for friluftsliv med startpunkt langs E-16 for fotturar, skiturar, jakt, fiske og bær- og soppturar. Ved fortetting av hyttegrend vil fleir familiar ha høve til å kjøpe seg fritidsbustader i området. Fleir familiar med born og unge vil få nærare tilgang til friluftslivet og nærmiljøet. Nye og større parkeringsplassar ved E-16 vil og gje betre parkeringsløyising for dei som ynskjer å nytte seg av dei mange turmoglegheitene i området. Auka aktivitet i området kan oppfattast negativt og forstyrrende av eksisterande hytteeigarar. Det er difor viktig, for å unngå skjemmaende trafikk, at tilkomst til nye hytter skjer utanfor eksisterande hyttefelt.
Infrastruktur og offentlege tenester	<b>0</b>	Det vil komme ein del nye, mindre tilkomstvegar i området, som i hovudsak skal greine ut frå eksisterande vegar. Under synfaring vart det gjort klart at vegane skal fylgje terrenget og unngå å komme i konflikt med løypenett og friluftsiinteresser.
Næringsutvikling og sysselsetting	<b>+1</b>	Utviding av hyttegrend vil føre til sysselsetting og arbeidsplassar knytt til bygging og anleggsdrift.  Fleir fritidsbustader vil vere samfunnsnyttig då det er bedrifter i nærleiken som livnærer seg på turisme og vintersport.
Universell utforming.	<b>0</b>	Det er eit område med skrånande terreng. Kan vere vanskeleg å få til UU i heile området, men enkelte tomter kan tilretteleggjast. Ved Øvre Smedalsvatn er terrenget flatare og ligg gunstigare plassert for å oppnå UU.
Samfunnstryggleik. Risiko og sårbarheit (ROS)	<b>0</b>	Planområdet ligg utanfor område for utløyising og utløp for snøskred, steinsprang og jordras.

- Vurdering: Området er i Kommunedelplanen for Filefjell sett av til fritidsbustader, og det er i kommunedelplanen opna for ei fortetting av området. Kommunedelplanen for Filefjell vart vedteken i Lærdal Kommunestyre 12.05.2005. Det finns allereie eit eksisterande hyttefelt i området, samt spreidd fritidsbustader. Planområdet er kjent som friluftsliv- og rekreasjonsområde. Området er vurdert som alminneleg.
- Fagleg tilråding: Det er registrert kulturminne, men berre innanfor eksisterande hyttefelt. Dette vil ikkje bli rørt under fortettinga av hyttefelt. Planområdet grensar mot Trettetjørn som ligg nord for planavgrensinga og er registrert i *miljøstatus.no* som lokalt viktig naturtype.

Dersom fortettinga vert utført i tråd med plankart og synfaring vil ikkje dette føre til noko konflikt. Store delar av dei nye hyttetomtene i åsen på sørsida av E-16 vil ligge i nærleiken av torvmyr. Under synfaring i området kom det fram at hyttene skal ligge i randsona av myra og mest mogleg på naturlege opphøgingar i terrenget. Tilkømsvegane skal fylgje terrenget, det skal ikkje gjerast store inngrep for å føre fram ein ny veg. Ny tilkømsveg ved myrområdet i åsen må ikkje hindre avrenning/drenering frå myr.

Delar av området er eksponert mot E-16, noko som kan reduserast ved å behalde vegetasjon ned mot E-16, og kring fritidsbustadane. Ein bør unngå fritidsbustader som stikk seg for mykje fram i terrenget.

Området er allereie mykje nytta til friluftslivsinteresser, og stor aktivitet både sommar og vinter. Auke i fritidsbustader vil gje auka aktivitet i området. Ein bør unngå vinteropne vegar opp i hyttefeltet då dette vil kunne forringe naturopplevinga for turgåarar og freden for hytteeigarar i området.

Ei utviding og fortetting av Fillestølen hyttefelt vil ikkje føre til store negative konsekvensar eller i stor grad endra arealbruk, og det vert her vurdert at fordelane veg meir enn ulempene.

**SOGN & FJORDANE FYLKESKOMMUNE**  
KULTURAVDELINGA



**RAPPORT FRÅ**  
**KULTURMINNEREGISTRERING**  
**OPPSTART AV PLANARBEID FOR FILLESTØLEN HYTTEGREN**

GNR/BNR 72/15

LÆRDAL KOMMUNE



Utsyn over planområdet på Fillestølen og Øvre Smeddalsvatnet mot Grønenosi. Mot V. Foto: Ine Askevold Hansen

**Kommune:** Lærdal  
**Gardsnamn:** Fillestølen  
**Gnr/Bnr:** 72/15

**Tiltakshavar:** Knut Maristuen  
**Adresse:**

**Namn på sak:** Oppstart av Planarbeid for Fillestølen hyttegrend  
**Saksnummer:** 13/7923  
**Prosjektnummer:**

**Registrering utført:** 18.08 – 22.08.14

**Ved:** Ine Askevold Hansen og Karoline Hareide Breivik

**Rapport utført:** 12.09, 21.11, 24.11.14

**Ved:** Ine Askevold Hansen

**Autom. freda kulturminne i området:**

**Lok.1**

- S1 Kolgrop
- S2 Kolgrop
- S3 Kolgrop
- S4 Kolgrop
- S6 Kolgrop
- S9 Kolgrop
- S10 Kolgrop
- S11 Kolgrop
- S12 Kolgrop
- S13 Kolgrop

**Lok. 2**

- S5 Kolgrop

**Lok. 3**

- S7 Kolgrop
- S8 Kolgrop
- S15 Kolgrop

**Lok. 4**

- S14 Kolgrop

**Nyare tids kulturminne i området:**

**Askeladden id**

**179875**

- 179875-1
- 179875-2
- 179875-3
- 179875-4
- 179875-5
- 179875-6
- 179875-7
- 179875-8
- 179875-9
- 179875-10

**179878**

- 179878-1

**179879**

- 179879-1
- 179879-2
- 179879-3

**179880**

- 179880-1

## SAMANDRAG

I alt vart det registrert 15 automatisk freda kulturminne innanfor planområdet.

Planområdet vart undersøkt ved overflateregistrering, der det primært vart leita etter kolframstillingsanlegg, jarnvinne og tuftar frå jernalderen. 10 dagsverk vart nytta i felt og 3 dagsverk er nytta til etterarbeid. Ingen 14C prøver er sendt inn til datering.

Automatisk freda kulturminne er påvist fordelt på fire lokalitetsflater. Totalt vart 15 forhistoriske strukturar påvist i form av kolframstillingsanlegg.


## BAKGRUNN FOR PLANEN

Sogn og Fjordane fylkeskommune ved Kulturavdelinga gjennomførte ei arkeologisk registrering på Fillestølen i perioden 18.08 – 22.08.14. Bakgrunn for registreringa er Knut Maristuen sin plan om utviding av eksisterande hyttefelt på Fillestølen. Registreringa vart utført for å oppfylle tiltakshavars undersøkingsplikt jamfør § 9 i lov om kulturminne.

## OMRÅDET

Område som vart undersøkt ligg på Fillestølen på Filefjell i Lærdal kommune. Området er avgrensa av Øvre Smeddalsvatnet i aust, vidare langs sørlege del av Sula og Trettetjernet, langs fylkesgrensa til Oppland og ned til E16.

Område vest og nordvest for E16 er svært vått med mykje myr, med berre nokre få tørre felt innimellom. På dei fleste av disse felta står det i dag hytter. Området aust for E16 skrånar oppover i ein SA-retning mot Mureklopphaugen. Den vestre delen av dette området er stort sett tørt og det er her dei fleste hyttane ligg i dag. Den austre delen av dette området er prega av mykje myr med tørre felt innimellom. I SA del skrånar området bratt oppover mot Mureklopphaugen.




Oversiktskart over området som vart registrert med dei tidligare registrerte kulturminna. Kart: Askeladden.ra.no/Ine Askevold Hansen

**Kjende automatisk freda kulturminne i området:**




Det er tre tidligare registrerte kulturminne innanfor planområdet som vart undersøkt (sjå kart over). Like ovanfor E16, nord i planområdet, er det registrert ei tuft (Askeladden ID 141145) samt to kullgropar (Askeladden ID 141115) frå Yngre Jernalder. Heilt vest på planområdet, også langs med E16, er det registrert ei kullgrop (Askeladden ID 141103) frå vikingtid/mellomalder. Denne er i dag fjerna.


Filefjell er generelt svært rik på automatisk freda kulturminne, både i Sogn og Fjordane og på andre sida av Fylkesgrena til Oppland. Det har vore ei utstrakt framstilling/produksjon av kol og jarn under jernalder og starten av mellomalder. Om ein ser på kvar disse produksjonsanlegga som er registrerte ligg, er det tydeleg at dei fleste undersøkingane er føretatt langs med E16 og rundt eksisterande hyttefelt. Sannsynlegvis er det mange fleire slike anlegg rundt i området som ennå ikkje har vorte registrert.



Oversiktskart over deler av Filefjell (med fylkesgrena). Området som vart undersøkt under registreringa er markert med ein blå firkant. Ein kan tydeleg sjå at majoriteten av kulturminna ligg langs E16. Kart: Askeladden.ra.no/Ine Askevold Hansen



Oversiktskart over Sogn og Fjordane med Filefjell markert på kartet. Kart: Fylkesatlas.no/Ine Askevold Hansen



Oversiktskart over deler av Filefjell og Lærdal med planområdet på Fillestølen markert på kartet. Kart: Fylkesatlas.no/Ine Askevold Hansen

## STRATEGI OG METODE

### DELTAKARAR OG TIDSRØM

Området vart undersøkt av arkeologane Ine Askevold Hansen og Karoline Hareide Breivik 18.08 – 22.08.14.


### STRATEGI OG METODE

For di terrenget i planområdet er utmark vart det føretatt ein overflateregistrering. Ved ein overflateregistrering vert eit område nøye undersøkt for synlege strukturar i overflata som kan tyde på førhistorisk aktivitet, f.eks. jernvinne, kolgropar og tufter. Ved mistanke om førhistoriske strukturar blir området undersøkt ved hjelp av eit jordbor. Det blir lagt vekt på strukturar som blir tolka som automatisk freda kulturminne.

## RESULTAT

### AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE

Det vart registrert 15 automatisk freda kulturminne i form av kolgropar, fordelt på fire lokalitetar, under registreringa på gbnr 72/15 på Fillestølen på Filefjell i Lærdal.



#### Lok. 1

- S1 – Kolgrop (Ytre diameter: 170 × 110 cm. Indre diameter: 150 × 100 cm. Ca. 30 cm djup)
- S2 – Kolgrop (Ytre diameter: 160 × 130 cm. Indre diameter: 130 × 110 cm. Ca. 15 cm djup)
- S3 – Kolgrop (Ytre diameter: 270 × 240 cm. Indre diameter: 200 × 190 cm. Ca. 40 cm djup)
- S4 – Kolgrop (Ytre diameter: 230 × 230 cm. Indre diameter: 190 × 190 cm. Ca. 15 cm djup)
- S6 – Kolgrop (Ytre diameter: 230 × 220 cm. Indre diameter: 190 × 180 cm. Ca. 30 cm djup)
- S9 – Kolgrop (Ytre diameter: 220 × 210 cm. Indre diameter: 180 × 180 cm. Uviss djupna)
- S10 – Kolgrop (Ytre diameter: 220 × 180 cm. Indre diameter: 200 × 150 cm. Ca. 35 cm djup)
- S11 – Kolgrop (Ytre diameter: 220 × 180 cm. Indre diameter: 200 × 150 cm. Ca. 35 cm djup)
- S12 – Kolgrop (Ytre diameter: 190 × 180 cm. Indre diameter: 150 × 140 cm. Ca. 15 cm djup)
- S13 – Kolgrop (Ytre diameter: 160 × 140 cm. Indre diameter: 130 × 120 cm. Ca. 40 cm djup)

#### Lok. 2

- S5 – Kolgrop (Ytre diameter: 240 × 230 cm. Indre diameter: 190 × 200 cm. Ca. 40 cm djup)

#### Lok. 3

- S7 – Kolgrop (Ytre diameter: 200 × 190 cm. Indre diameter: 160 × 160 cm. Ca. 20 cm djup)
- S8 – Kolgrop (Ytre diameter: 240 × 200 cm. Indre diameter: 150 × 120 cm. Uviss djupna)
- S15 – Kolgrop (Ytre diameter: 170 × 150 cm. Indre diameter: 150 × 120 cm. Ca. 20 cm djup)

#### Lok. 4

- S14 – Kolgrop (Ytre diameter: 310 × 270 cm. Indre diameter: 240 × 230 cm. Ca. 70 cm djup)

Lok. 1 (**Askeladden ID 179875**) ligg i S/V del av planområdet, langs sørlege plangrense, rundt og mellom eksisterande hytter. Lokaliteten ligg i ein sørvendt skråning med god utsikt over Smeddalen og Øvre- og Nedre Smedalsvatnet. Lokaliteten er avgrensa av eit myrområde i sør, berg i nord, myr og berg i aust, berg i NV og myr i V/SV.

Innanfor lokaliteten er det registrert ti kolgropar; S1 – S4, S6 og S9 – S13. Gropene varierer i form og storleik (sjå mål over og mål og beskriving i **Vedlegg 1**), samt i innhald og kor synleg dei er. Grop S1, S3, S4, S6, S9, S11 og S13 er lett synlege, mens S2, S10 og S12 er noko vanskelegare å sjå. I S11 og S13

var det ikkje sett teikn til kol, S1, S6 og S10 har eit tynt kollag, S3, S9 og S12 har eit tydeleg kollag og S2 og S4 har tjukke kollag. S3 og S6 har ein liten voll i ein ende kvar, elles har ingen av gropene teikn til voll. Bortsett frå grop S2, S6 og S11 vekst det mykje vegetasjon rundt gropene som kan gjere dei vanskeleg å sjå. S9 er påverka av moderne aktivitet da den ligg heilt inntil vegen, og det er lagt inn eit dreneringsrøyr i SV del av gropa.

Lok. 2 (**Askeladden ID 179878**.) ligg i midtre del av planområdet, om lag 200 m nord for Lok. 1. Lokaliteten ligg i ein nordvendt skråning midt i skogen. Det er ingen klar topografisk avgrensing av lokaliteten, så avgrensinga er satt etter at det kun vart registrert ein kolgrop i denne delen av planområdet.

Lokaliteten består berre av ei enkelt kolgrop; S5. Gropa er blant de mest markante av dei 15 som vart registrert på Fillestølen; den er relativt stor, lett synleg, relativt djup og med tydelige nedskjeringar. Gropa har ein voll i vest og eit tydeleg kollag i botn. Det vekst ein del trær i og rundt gropa som gjer det vanskeleg å sjå den på avstand.

Lok. 3 (**Askeladden ID 179879**) ligg i SV del av planområdet, langs første veg inn til venstre (mot nord) rundt og mellom eksisterande hytter. Lokaliteten ligg om lag 150 m NV for Lok. 1 og om lag 200 m V/SV for Lok. 2. Lokaliteten ligg i ein vestvendt skråning med god utsikt over Øvre Smedalsvatnet og Vetle Frostdalen. Det er ingen klar topografisk avgrensing av lokaliteten, så lokalitetsgrensa er satt rundt dei registrerte kolgropane.

Innanfor lokaliteten er det registrert tre kolgropar; S7, S8 og S15. Gropene varierer i form og storleik. S7 er lett synleg med markante nedskjeringar. Dessverre er gropa fylt igjen med sand og stein, så det er vanskeleg å si noko om form og nøyaktig djupna. S8 er også fylt igjen, av spon frå vedhogst. Denne gropa har blitt brukt som oppsamlingssted for spon i lange tider og er derfor ikkje synleg i plan i dag. Det var noverande grunneigar som varsla om at tidligare har vore ein grop der. S15 er heller ikkje lett synleg, men denne har ikkje vore påverka av moderne tiltak. Gropa er grunn og går nesten i eitt med topografien rundt. Grop S8 ligg heilt opptil vegen i NV, men er svært skjerma av tre som veks rundt. S7 og S15 ligg begge synleg til i landskapet. Ingen av gropene har voll og det vart funne tydelege kollag i alle tre gropene. Alle gropene ligg også relativt tett opp til eksisterande hytter.



Bilete av kolgropa S8 som har vore brukt som oppsamlingsplass for spon og avfall etter vedhogst. Mot: N. Foto: Ine Askevold Hansen

Det er ikkje tatt dateringsprøver frå nokon av kolgropene, men form og storleik på gropene som vart registrert samsvarar med form og storleik på tidlegare registrerte kolgropar i same område, som i hovudsak er datert til jernalder, samt byrjinga av mellomalder. Det er difor sannsynleg at også disse gropene er frå denne perioden.


Lok. 4 (**Askeladden ID 179880**) ligg heilt i SV-hjørne av planområdet. Gropen ligg på en haug midt i eit kryss/mellom to vegar. Gropen er ikkje synleg frå vegen. Lokaliteten ligg om lag 200 m vest for Lok 1 og 150 m S/SV for Lok 3. Det er god utsikt over Øvre Smedalsvatnet og Vetle frostdalen frå gropen. E16 er også lett synleg frå gropen. Gropa ligg på ein avgrensa høgde. Det er ingen fleire gropar på denne høgda eller i høgdas nærleik, derfor er lokaliteten satt til denne høgda rundt gropa.

Det er altså bare ein kolgrop innanfor Lok. 4, S14. Gropa er mykje større ein dei andre gropene som er registrert på området. Den skil seg ut i storleik og djupna (sjå mål i liste lenger oppe). Det er eit tydeleg kollag i botn. Gropa er lett synleg frå toppen av høgda, men det veks ein del einebærbuskar rundt gropa som gjer den vanskeleg å sjå på avstand.

Storleiken på gropa gjer det usikkert om denne er frå same periode som dei andre gropene. Når gropa blir så stor er det meir en kolmilla enn ein kolgrop. Milene blei introdusert tidlig i mellomalderen og var dominerande helt fram til slutten av 1800-talet. Spesielt milene frå 1500-talet og utover har satt tydelege spor etter seg i vegetasjonen ved at det er nærmast fritt for høg vegetasjon rundt der milene har vore. Milene kunne ha ein med en diameter på 8 – 20 m. Denne gropa er langt mindre, 310 x 270 cm. Storleiken tydar dermed på at denne gropa har vore i bruk i mellomalderen, kanskje nærmare tidlig mellomalder.



Bilete av kolgropa/kolmilla S14. Grunna alle einebærbuskane som veks rundt gropa er den litt vanskeleg å sjå. Mot: V/NV. Foto: Ine Askevold Hansen



Oversiktskart over planområdet på Fillestølen med dei fire registrerte lokalitetane Lok. 1 – Lok. 4. Kart: Askeladden.ra.no

## KONKLUSJON

I alt vart det registrert 15 automatisk freda kulturminne i form av kolgroper fordelt på 4 lokalitetsflater innanfor planområdet. Planområdet vart undersøkt ved overflateregistrering, der det primært vart leita etter trekolframstillingsanlegg, jarnvinne og tuftar frå jarnalderen.

15.12.2014

Ine Askevold Hansen

.....

**Vedlegg:**

- Vedlegg 1. Liste over strukturar
- Vedlegg 2. Fotoliste
- Vedlegg 3. Foto
- Vedlegg 4. Innmålingar

## VEDLEGG 1: STRUKTURLISTE

Snr	Askeladden id	Lok	Type struktur	Storleik	Skildring	Foto
1	179875-1	1	Kolgrop	Ytre diameter: 170 x 110 cm. Indre diameter: 150 x 100 cm. Ca. 30 cm djup.	Lett synleg, avlang, ingen voll, uregelmessig form, det veks et tre i gropen, kun litt kull i sørlige del av gropen. Grusveg 5 m mot sør, hytte 50 m mot nord.	11
2	179875-2	1	Kolgrop	Ytre diameter: 160 x 130 cm. Indre diameter: 130 x 110 cm. Ca. 15 cm djup.	Ikkje så lett synleg, relativt grunn, ingen voll, veks eit tre i aust, den er dekt av gras, tjukt lag (ca. 15 cm) med kol. Grusveg 10 m mot nord og 25 m mot sør. Hytte rett nord.	12, 13
3	179875-3	1	Kolgrop	Ytre diameter: 270 x 240 cm. Indre diameter: 200 x 190 cm. Ca. 40 cm djup.	Lett synleg, voll i sør med einebærbusker, kollag i botn. 50 m frå vegen i aust, 20 m frå hytte i vest.	14
4	179875-4	1	Kolgrop	Ytre diameter: 230 x 230 cm. Indre diameter: 190 x 190 cm. Ca. 15 cm djup.	Lett synleg, mykje kol, grunn, ingen voll, veks tre i NV. Hytte 20 m NV og 40 m nord.	15, 16
5		2	Kolgrop	Ytre diameter: 240 x 230 cm. Indre diameter: 190 x 200 cm. Ca. 40 cm djup.	Lett synleg, relativt djup, voll i vest, kollag, veks tre rundt og i gropa.	17, 18
6	179875-5	1	Kolgrop	Ytre diameter: 230 x 220 cm. Indre diameter: 190 x 180 cm. Ca. 30 cm djup.	Lett synleg, lite kol, liten voll i aust, hytte om lag 10 m mot nord.	19
7	179879-1	3	Kolgrop	Ytre diameter: 200 x 190 cm. Indre diameter: 160 x 160 cm. Ca. 20 cm djup.	Lett synleg, gropa er grunn pga. sandmassar og stein som er fylt i botn, mykje tre rundt. Kollag, mogleg voll i SV. Veg 2 m mot vest, hytte 20 m mot aust.	20
8	179879-2	3	Kolgrop	Ytre diameter: 240 x 200 cm.	Gropa er ikkje synleg da den har vore brukt til å	21



				Indre diameter: 150 x 120 cm. Uviss djupna.	samle opp spon frå vedhogst. Det veks eit tre i austre del. Tynt kollag. Ingen voll.	
9	179875-6	1	Kolgrop	Ytre diameter: 220 x 210 cm. Indre diameter: 180 x 180 cm. Uvisst djupna.	Lett synleg, ingen voll, kollag, veks tre og buskar rundt, dreneringsrør SV i gropa, ligg rett ved veg i sør, hytte om lag 10 m NA.	22
10	179875-7	1	Kolgrop	Ytre diameter: 220 x 180 cm. Indre diameter: 200 x 150 cm. Ca. 35 cm djup.	Lett synleg, ingen voll, noko avlang, tynt lag med kol, noko uregelmessig form, det er steinar og greiner i gropa.	23
11	179875-8	1	Kolgrop	Ytre diameter: 150 x 150 cm. Indre diameter: 110 x 110 cm. Ca. 40 cm djup.	Lett synleg grop, ingen voll, ingen kol, rund.	24
12	179875-9	1	Kolgrop	Ytre diameter: 190 x 180 cm. Indre diameter: 150 x 140 cm. Ca 15 cm djup.	Synleg grop, rund, ingen voll, kollag, litt grastuer rundt og nedi gropa, rett ved hytteveg, hytte 10 m nord.	25
13	179875-10	1	Kolgrop	Ytre diameter: 160 x 140 cm. Indre diameter: 130 x 120 cm. Ca. 40 cm djup.	Lett synleg, ingen voll, vekst einebærbusk på vestsida, ingen kol. Hytte 5 m mot aust, veg 30 m mot vest.	26
14	179880-1	4	Kolgrop	Ytre diameter: 310 x 270 cm. Indre diameter: 240 x 230 cm. Ca. 70 cm djup.	Stor grop som ligg oppå ein haug, lett synleg frå haugen, djup, om lag 100 m aust for E16, det veks mykje einebærbuskar rundt gropa, voll i sør. Hytte om lag 50 m A/SA.	27, 28
15	179879-3	3	Kolgrop	Ytre diameter: 170 x 150 cm. Indre diameter: 150 x 120 cm. Ca. 20 cm djup.	Ikkje lett å sjå, kol i botn, ingen voll, oval. Ligg ca. 4 m mot aust.	38

## VEDLEGG 2: FOTOLISTE

Nr.	Motiv	Retning	Dato	Fotograf
1	Oversikt planområde	N	19.08.14	IAH
2	Oversikt planområde	NV	19.08.14	IAH
3	Oversikt planområde	N	19.08.14	IAH
4	Oversikt planområde	NV	19.08.14	IAH
5	Oversikt planområde	V	19.08.14	IAH
6	Oversikt planområde	NV	19.08.14	IAH
7	Oversikt planområde	SV	19.08.14	IAH
8	Oversikt planområde	S	19.08.14	IAH
9	Oversikt planområde	V	19.08.14	IAH
10	Oversikt planområde	A	19.08.14	IAH
11	Kolgrup, S1	N	20.08.14	IAH
12	Kolgrup, S2	N	20.08.14	IAH
13	Kolgrup, S2	N	20.08.14	IAH
14	Kolgrup, S3	N	20.08.14	IAH
15	Kolgrup, S4	N/NA	20.08.14	IAH
16	Kolgrup, S4	N/NA	20.08.14	IAH
17	Kolgrup, S5	A/NA	20.08.14	IAH
18	Kolgrup, S5	A/NA	20.08.14	IAH
19	Kolgrup, S6	A	20.08.14	IAH
20	Kolgrup, S7	NV	20.08.14	IAH
21	Kolgrup, S8	N	20.08.14	IAH
22	Kolgrup, S9	N/NA	20.08.14	IAH
23	Kolgrup, S10	N/NA	20.08.14	IAH
24	Kolgrup, S11	A/NA	20.08.14	IAH

25	Kolgrop, S12	N/NV	20.08.14	IAH
26	Kolgrop, S13	N	20.08.14	IAH
27	Kolgrop, S14	N/NV	20.08.14	IAH
28	Kolgrop, S14	SV	20.08.14	IAH
29	Oversikt planområde	N/NA	21.08.14	IAH
30	Oversikt planområde	S/SA	21.08.14	IAH
31	Oversikt planområde	S	21.08.14	IAH
32	Oversikt planområde	SV	21.08.14	IAH
33	Oversikt planområde	V	21.08.14	IAH
34	Oversikt planområde	N	21.08.14	IAH
35	Oversikt planområde, framsidebilette	V	21.08.14	IAH
36	Oversikt planområde	N/NV	21.08.14	IAH
37	Oversikt planområde	NA	21.08.14	IAH
38	Kolgrop, S15	N	21.08.14	IAH

## VEDLEGG 3: FOTO



1.JPG



2.JPG



3.JPG



4.JPG



5.JPG



6.JPG



7.JPG



8.JPG



9.JPG



10.JPG



11.JPG



12.JPG



13.JPG



14.JPG



15.JPG



16.JPG



17.JPG



18.JPG



19.JPG



20.JPG



21.JPG



22.JPG



23.JPG



24.JPG



25.JPG



26.JPG



27.JPG



28.JPG



29.JPG



30.JPG



31.JPG




32.JPG




33.JPG




#### VEDLEGG 4: INNMÅLINGAR



Kart over deler av planområdet på Fillestølen med dei 15 kolgropane som vart registrert. Kart: ArkMap/ Ine Askevold Hansen



Kart over deler av planområdet på fillestølen med dei fire lokalitetane som vart registrert. Kart: ArkMap/Inc Askevold Hansen



Situasjonskart Fillestølen  
15.04.2013  
Målestokk 1:5000  
Lærdal kommune, Tekniske tenester - kart og oppmåling